

81. ¹Tone: Dei vil alti klaga aa kyta

1. No i godhug folkje vaart staaka
Her er hugsamt korhelst ein fær
Elsk aa leiking ein allesta raaka
Mat aa morro, ein kostesam er.

2. No med hugnad folkje seg stasar
Her er fruor aa herrar aa *flus*
Ein med snore aa fjærar seg brasa
Aa ein byggjer storslagne hus.

3. No i godtru folkje vort bala
Driva handel med malm aa med mjøl
Borga laana aa ymse betala
Slikt er gale da seie seg sjølv

4. Da er kosleg nok for dei mange
Som fær kringum aa seljar Guds ord
Aa for dem som i kjolarne lange
Bala fremja Guds rikje paa jord.

5. Da maa vera godheit aa øyda
Tid aa midlar paa rusdrykk aa sprit
Daa maa vera ein hugnad aa *snøyda*
Tusin heimar sin trevna paa skit.

6. Korleis er no sundajen vyrda
Som ein heilagdag skipa av Gud
Nei sjaa lælkfolk aa Guds folk aa hyrda
Respektera so vesalt Guds bud.

7. Da er pengar, pengar, de pengar
Da er gull, da er gull, da er gull
Da er einaste eina ein trengjer
Aa alt anna er smaating aa null

8. Daa naar suti er berre for kroppen
Daa naar Gudløysa raar yver alt
Daa naar vondskapen naatt heve toppen
Faar ein sjaa all sin daarskap betalt.

9. Da er gildt utav staten aa kyrkja
Aa ein hugnad for folkje aa faa
Sine sötaste avgudar dyrka
So den vonde sin hugnad kan naa.

10. Da er fælt utav staten aa kyrkja
At ein værna det Gud hev forbutt
So folkje i fre kan faa dyrkja
sine gudar dei elsker so trutt

11. Daa naar elskjen i heimane slokna
Vert det lite av gudeleg trong
Daa vorherra faar sjeldan ein søkna
Inkje bøn inkje takk ingen song.

12. Aa du! Borni kva faar dei læra
i dei heimar der Gudløysa raar
Aa kva godt faar dei høyra aa gjera
Jau ein haustar vel so som ein saar.

13. Eg so jamleg djupt heve grunna
Paa den sanning me røyna aa sjaa
At da goda so jamleg ligg unna
Aa da vonna da er ovenpaa.

14. Daa ein tape dei himmelske skatte
Naar ein soleis paa *vilderas* gjeng
Men snu me os um aa kjem atte
Som fortjena veit Gud kva me treng.